

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

Oktober 2020



Lilja frå Skånevik

Kyrkjesundag i tropesol

Egil Larsen - prest og jegar

Lilja Maria Phuangkaen Hesjedal



Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik:

Astrid Askeland Johnsen

Soknerådsleiar Etne: Anne Jorunn Lindevik

Leiar i Etne kyrkjelege fellesråd:

Reidar Leknes

Adresse: Enge 5, 5590 Etne

Telefon: 53 77 11 70

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad

Kyrkjeverje

kyrkjeverja@etnekyrkja.no

96 01 68 64



Randi Frette

Kyrkjelydssekretær

sakshandsamar@etnekyrkja.no

53 77 11 75



Per Hjemdal

Sokneprest i Etne

soknepresten@etnekyrkja.no

41 12 65 49



Egil Larsen

Fung. sokneprest i Skånevik

spresten@etnekyrkja.no

99 24 18 70



Elisabeth Vae Haaland

Kyrkjelydspedagog

tru@etnekyrkja.no

90 06 27 28



Bjørn Stødle

Kyrkjegardsarbeidar

kga@etnekyrkja.no

91 19 99 60



Solveig Sørheim

Organist

organist@etnekyrkja.no

40 28 68 71

Andakt

I Bergpreika seier Jesus: Vær ikkje urolege. Kunne ikkje Jesus, som kom frå Gud, berre tatt vekk uroa?

Jesus trekker fram mat og klede som det tilhøyrarane saktens er mest bekymra for. I vår tid og i vårt land har vi visst det på stell for det meste, men samstundes veit vi at brød og klede også står for mykje anna: hus og heim, arbeid eller skule, samliv og familie.

Så manglar vi kanskje ikkje ting å vere urolege for! Kva med miljøet og framtida til kloden? Det er stort nok.

I tillegg, som vi har fått merke det siste halvåret: kva med korona? No har vi i lang tid fått høyre det stikk motsette av Jesu bodskap: Vær urolege, seier styresmaktene. Fæle ting kan skje. Hald dykk heime, vask hendene, hald avstand, ikkje dra utanlands. Vær urolege.

Men Jesus sa: Nei, uroa dykk ikkje. Sjølv om han ikkje sa det i ei verd der korona var kjend, sa han det til menneske som kjende sjukdom og pest og hunger og naud enda betre enn oss.

Men han sa: Vær ikkje urolege. For - livet er meir enn maten. Og kroppen er meir enn kleda.

Som kristne trur vi på ein Gud som av kjærleik skaper menneske i sitt eige bilete. Det tyder menneske med evne til å skape, tenke, ta både gode og dårlege val.

Og ser vi etter, veit vi at mange dårlege val er med på å sørge for mykje dårleg som skjer på jorda. Samtidig ser det ut som om noko mest har gått av hengslene ein eller anna stad, slik at det vonde av og til treffer heilt blindt. Det er nokså vanskeleg, for kvifor gjer ikkje Gud noko med det?

Gud møter oss likevel med respekt, kjærleik og nåde. Difor seier Jesus: Vær ikkje urolege. Han seier, nokså stille: Stol på meg. Eg har kontroll, for du må hugse: Livet er meir enn maten, sku-

len, familien, arbeidet, ferien, huset. Kroppen er meir enn denne lekamen som ved hjelp av gudgitte prosesser blir fornya om og om igjen i det cellene våre alltid skiftes ut.

Det finst, seier Gud i sitt ord, eit liv etter dette livet. Livet er meir enn maten. Det finst også ein åndeleg kropp som ventar bak



den grensa denne kroppen har. Jau, det er absolutt ein levende kropp som vil være deg eller meg, og ingen annan, og vi vil kjenne kvarandre i nye kroppar også. Men hugs: Kroppen er meir enn kleda, eller rynkene våre, eller svulmande musklar og formfulle bryster.

Livet er meir enn maten. Og kroppen er meir enn kleda.

Det er Guds trøyst til oss når det vonde skjer. Gud er ikkje ein Gud som kjemper mot oss, som ikkje bryr seg om oss. Han er ein Gud som høyrer din klage og di bøn. Når vi ber, kastar vi ikkje ord oppetter og håper dei treff et eller anna der ute. Nei, vi bed tvert om til ein Gud som bøyer seg ned til oss, sit hos oss, som lar seg røre og som lid med oss. Men han har sigra over lidinga.

Vi veit dette fordi vi har sett Jesus møte lidinga. Han stod ved grava til sin venn Lasarus. Kva gjorde Gud då, i møte med det vonde? Han gret. Saman med familien til Lasarus, stod Jesus og gret.

Jo, Jesus visste vel at han kunne vekke Lasarus til live. Men like fullt gret Jesus bitre tårar over døden og all smerta og alt som har gått gale i skaparverket hans.

Og denne eine gongen, for å gjere det klart for alle at han har ein plan, og at han trass alt har full kontroll, gjekk han bort til grava, fekk steinen velta frå, og så ropte Jesus: Lasarus, kom ut.

Sjå, han som hadde vært død i fire dagar, kom stumpande ut, pakka inn frå topp til tå i sitt lik-klede. No levde han. Og han trudde. Ikkje berre på Jesus, men på det Jesus sa: Vær ikkje uroleg. For livet er meir enn maten, kroppen mei enn kleda.

Neste gong Lasarus døde, var han kanskje uroleg likevel. Men han var også full av håp.

Per Hjemdal, sokneprest

Kolerafurua og karantenehuset

Det siste halvåret har vore strevsamt for alle og vanskeleg og einsamt for mange. Samtidig med det aktuelle alvoret er det greit å tenkja over at dette har folk i bygdene våre erfart til alle tider. Ein har snakka mykje om spanskesykja for 100 år sidan, men ein kan leggja til lepra, kolera, tuberkulose, polio og endå meir. Alt dette har til tider lagt stor frykt innover folkelivet til langt inn på 1900-talet. Og no er me der igjen.

Når me siste halvåret har sete for oss sjølve og hatt god tid, har eg mellom anna lese i den framifrå fine boka: «Kulturhistorisk vegvisar. Etne.» Det var der eg fann forteljinga om Kolerafurua og Karantenehuset, som begge har koleraepedemiane som bakgrunn.

Kolera ramma Europa hardt på 1800-talet. I 1848/49 døydd 712 menneske under epedemien i Bergen, som då hadde ca 30 000 innbyggjarar, og 5 år seinare var talet 2500 for heile landet. Også då sette samfunnet inn strenge tiltak. Mange stader ligg særskilde kolera kyrkjegardar i utmarka. Den mest kjende er på mine heimtrakter, ved Valevåg. Den gav namnet til Fartein Valen sin komposisjon, «Kirkegården ved havet.» Furua og huset i Etne var ein del av dette.

På Bjelkaberg, like ved Strondavegen og nær den gamle skulehustufta på Børkjenes, står Kolerafurua. Skip som skulle inn Etnefjorden i tider med smitte, måtte fortøya i den nokre dagar, før dei fekk gå inn fjorden.

Karantenehuset låg på garden Øvernes ved Stordalsvatnet. Folk som

kom frå reis eller fiske, og som kunne tenkjast å føra smitte, måtte halda seg der ei tid. Dette fortel boka. Der er sikkert mange fleire døme.

Sjolv minnest eg godt slektningen min, Anna frå Kalvikjo i Åkrafjorden. Ho var gift med syskenbarnet sitt, Nils. Dei fekk 12 born. Nils og 10 av borna døydd, dei fleste i tuberkulose-epedemien for omlag 100 år sidan.

Ein gammal kyrkjetenar på Osterøy fortalde meg levande om frykten som rådde mellom ungdom på den tida, når den eine etter den andre av venene deira blei ramma. Dette er ikkje nytt. Samtidig som me tek dagens utfordringar på alvor, er det greit at me veit det.

Men Anna, som hadde mista så mykje, minnest eg som ei mild og triveleg gammal dame. Eg visste alt som liten gut om tapet hennar, og undra meg av og til over korleis livet trass alt kan gjenreisast og vinnast tilbake når stormane legg seg.

Harald Grønnevik



Her på Bjelkaberg, ytterst i Etnefjorden, var det Kolerafurua stod.

Prest og storviltjeger

- Me har ei folkekyrkje, og ulike debattar har nok ført til at nokre kyrkjegjengarar har trekt seg bort. Ein del av folket føler kanskje ikkje det same bandet og nærleiken til kyrkja som før. Som prest er eg mest oppteken av å nå ut med evangeliet, å forkynna den enkle trua.

Orda kjem frå Egil Larsen som no er fungerande sokneprest i Skånevik. Han tok til i denne gjerninga i november i fjor. Men han hadde ikkje før kome skikkeleg i gang før koronapandemien slo inn over oss, og sette ein stoppar for mykje av prestearbeidet.

- Det har vore ei lite kjekk tid, men det føler nok alle på. No har i alle fall gudstenestene kome i gang att, og det blir spanande å mellom anna få avvikla konfirmasjonane som skulle vore haldne i vår.

Egil Larsen er frå Stavanger, men har hatt si prestegjerning i Odda og i Sunnhordland. Det blei 10 år i Odda, før han i 1999 kom til Stord som sokneprest. Dei siste 8 åra har han vore tilsett som prostiprest, noko som inneber å utføra kyrkjelege handlingar i ulike kyrkjer rundt om i prostiet. For Egil Larsen blei det framleis mykje jobbing på Stord, men også ein god del mellom anna i Sveio. I denne perioden hadde han også vikaroppdrag i Skånevik.

Ønskjer kontakt

- Eg ønskjer å bli betre kjend med skåneviks-buen. Eg håpar at folk får tillit til meg, og vil gjerne vera tilgjengeleg når noken ønskjer kontakt med meg. Stundom kan eg nok føla på at enkelte er litt redde for å ta kontakt med presten, men for meg er det viktig å møte alle med vennlighet og respekt. Av og til lurar eg på om det er spørsmål som sit att etter ei preike, då hadde det vore fint om ein eller annan hadde våga å spørja meg direkte etterpå: Kva meinte du med det du sa i preika? Som prest set eg pris på og treng tilbake-meldingar.



Egil Larsen ved peisen i hagestova.

Frå industristaden Odda til Stord med mange kristne organisasjonar og eit anna musikkliv enn i Odda, gjorde at utfordringane som prest blei ulik. Egil Larsen kan fortelja at han i Odda opplevde ei nabokvinne som neia til han, som eit teikn på ein viss distanse til presten.

- Men så kunne eg også oppleva å bli stoppa av folk på gata som gav uttrykk for at det var godt å ha ei tru. Dette var frå folk som eg av ein eller annan grunn ikkje trudde brydde seg så mykje om tru.

Me tar med ei lita historie som knyter prestegjerna i Odda og Skånevik litt i saman, og den fortel vel også om at det er godt når presten har ein sikker og god regi.

- Det var gudsteneste i Skare kapell, der 3 born skulle berast til dåpen. To av dei

skreik uvanleg intenst. Då det siste barnet skulle døypast, spurde eg som vanleg den som bar barnet om namnet. Kristine, svara han, men på min fuskelapp stod det Silje. Så eg måtte spørja litt diskret om det ikkje var Silje, noko han nikka til. Etter ei gudsteneste i Skånevik traff eg igjen mora til denne jenta, og Silje sjølv. Som då var blitt ei vaksen kvinne.

Nattverden

Du snakkar varmt om nattverden når den er ein del av gudstenestene dine. Er me for redde til å gå til nattverd?

- Eg trur ein del lurar på om dei er verdige til å gå til nattverd, og såleis distanserer seg frå den. Difor prøver eg å leggja inn nokre ord om nattverden i preika, der eg også utfordrar folk som er i kyrkja.

- Det bør vera like naturleg å gå til nattverd som det er å bera eit barn til dåpen. Dåpen er den gode starten, og nattverden er det gode framhaldet. Nattverden er ikkje premie for flinke kristne. Eg trur at kulturen me har vakse opp i spelar inn om folk går til nattverd eller ikkje, seier Egil Larsen, som meiner at kyrkjegjestene må fria seg frå det omgjevnaden seier og frimodig ta i mot gáva som nattverden er.

Jeger og pølsemakar

Skrånevikspresten bur i Trovågfeltet i Vikebygd, med fin utsikt mot Haraldseidvågen. Her kjøpte familien Larsen tomt for 30 år sidan. Heimen er eit godt utgangspunkt for å driva med den store hobbyen, nemleg hjortejakt. Egil Larsen skyt årleg fleire hjortar både i område i Vikebygd og i Vats. Storviltjegeren sit inne med 40 års erfaring, der også villreinjakt på Hardangervidda saman med soknebarn i Odda høyrer med. I ein periode var dei tre prestar som jakta i lag under namnet Prestelaget. No har han med seg ein son på mange av jaktturane.

- Eg er glad i naturen, og koplar av og får senka skuldrene når eg er på jakt. Det er

totalopplevinga med jakting som gjer meg godt. Men det hender eg tar telefonen om noken ringjer til meg når eg er i jaktterrenget også.

Hastar du deg gjennom gudstenesta for å koma deg ut på jakt?

- Nei, seier han med eit smil. Men eg hugsar ein gong eg skaut ein stor hjort seint ein måndagskveld, og skulle ha ei gravferd på Stord dagen etter. Om morgonen reiste eg tidleg til fjells for å dra hjorten nedover i terrenget og fram til vegen der atv-en min var. Det var ganske mykje arbeid, men eg nådde gravferda på Stord.

Den jaktglade presten nøy seg ikkje berre med å jakta. Saman med grunneigaren han leiger jaktløyve av i Vikebygd, har dei starta å laga hjortepølser i lag. Dei har kursa seg godt, og kvar lagar sin eigen deig. Så er dei i lag om sjølve pølsemakinga og røykinga.

- Eg lagar også spekepølse av fårekjøtt og geit. Når speketida er over er det familie og vener som får gle seg over dei gode produkta.



Eit av pølseprodukt til den jaktglade skånevikspresten.



Egil Larsen har felt mange hjortar. Ein av dei var tolvtaggaren som er blitt eit synleg minne i stova.

Ankerfestet

Egil Larsen er blitt 64 år no under hjortejakt. Han har fire barn og to og eit halvt barnebarn, som han seier. Etterkomarane bur på Stord og i Bergen.

- Eg ønskjer å vere prest så lenge eg kan. For meg er det livskvalitet.

Såleis kan folket både i Skånevik og Etne håpa på at dei får høve til å bli godt kjend med soknepresten. Ein prest som gjerne deler av sine eigne livserfaringar i preikene sine. Egil Larsen er sjølv skild, og har ofte fått gode tilbakemeldingar frå kyrkjefolk når han snakkar om livet som ikkje alltid går på skinner.

- Noko av det viktigaste og finaste me har er trua vår. Då det var snakk om å leggja ned aktiviteten i fem av kyrkjene i Oslo for nokre år sidan, var det ein kjend politiker frå austkanten av byen som sa det slik i kampen for å få ha kyrkja si: De må ikkje ta i frå oss ankerfestet. Med dette sa han noko viktig om både kyrkja og trua.

- Kyrkja og trua er eit ankerfeste og haldepunkt for svært mange. Tenk å vera utan eit ankerfeste. Trua er berande for livet, både i gode og vonde dagar, sluttar soknepresten i Skånevik.

Alf Østrem

Velkomen til helgemesse i kyrkja

For mange er helgemesse ein dag for å minnast dei kjære som er gått bort. Då er det vanleg å gå på kyrkjegarden, tenne eit lys på grava, vere i stille ei stund.

Kyrkjene både i Etne og Skånevik har opne dører laurdag før helgemesse, 31. oktober. Vi innbyd alle som besøker kyrkjegarden til å kome inn i kyrkja si stille, tenne eit lys i, kanskje få ein varmande kopp kakao, om veret

elles er ruskete? Om ein vil prate litt med nokon, kan ein det, men det er lov å la vere også.

Kyrkjene er opne mellom 15.00 og 17.00 laurdag 31. oktober. (Skånevik og Fjæra, Stødle, Gjerde og Grindheim kyrkjer.)

Ein kvar er også velkommen til å feira helgemesse den 1. november kl. 11.00 i både Skånevik og Etne kyrkje.



Foto: Dimitris Vetsikasa Pixabay

Årets konfirmantar

Livets gang

ETNE

Døpte:

28.03 - Aksel Horne Hjelmteit

21.05 - Nora Børve

14.06 - Saga Støple Aasheim

19.07 - Herman Våge

23.08 - Einar Måland Aasheim

30.08 - Hadle Frette Nordgård

Vigde:

28.03 - Linda Horne og

Torgeir Hjelmteit

09.05 - Camilla Vik og

Martin Heggelund

06.06 - Sandra Svendsen og

Thomas Håland

20.06 - Jenny Hjemdal og

Håkon Ruud

22.08 - Laura Trondstad og

Tore Haraldseid Holgersen

Gravlagde:

07.05 - Anna Helene Gravelsæter

11.05 - Leif Andersen

12.05 - Petra Tomine Flatebo

23.06 - Ashbjørn Stålesen

25.06 - Sigrid Vinje

08.07 - Margaret Øyjord

16.07 - Edit Silde Bungum

25.08 - Margit Aalvik

18.09 - Berit Kaldheim



Etne Konfirma

Etne

Bak frå venstre: Halvard Hjelmeland Moe, Christian I Grønstad Kristiansen, Håvard Grønstad Birkeland, Vetle Ravn, Sander Hardeland, Eirik Silde, Elias Rafdal.

I midten: Mathias Monsen, Julie Johanson, Desiree Sonja Klage Håheim Fosse Øvrevik, Alexander Svanberg Slatbia, Tina Fredriksen Oen, Celine Joakim Berge Lillegraven, spr. Per Hjemdal.

Fremste rad: Joséphine Feder, Sunniva Stålesen Steine, Sarah Hustoft Hansen Lysne, Anna Serine Hansen, Malene Vik Grønstad, Nora Haug. Robin Krokå var ikkje til stades då biletet blei tatt.



Skånevik Konfirmantar 2020



ntgrp. 2020

Foto: Rolf Øyjord

Ramsvik, William Overland Steinstø, Andreas Bjørgen-Hegerland, Tobias Grindheim, Vegar Grindheim, Erik Köllö Littlehamar, Simon Hopland

, Madelen Jacobsen Harboe, Audbild Gundegjerde Sævareid, Mailen Birkenes Jamne, Mariell Markhus Vevatne, Albert Nærheim Rafdal,

Horda, Jane Hustoft, Sol Sørheim, Eline Kvammen Haugen, Hannah Saltnes, Malene Hardeland Johnsen.



Skånevik

Bak frå venstre: Sondre Svendsen Taraldsøy, Aron Thomassen Vika, Kristian Larsen Tendal, Noah Sveen, spr. Per Hjemdal

Fremste rad: Tiril Bothun Molnes, Julie Opheim Rognøy, Julie Eliassen Lothe

Livets gang SKÅNEVIK

Døypte:

02.08 - Einar Ebne Fadnes

Gravlagde:

24.04 - Aslaug Åsheim

08.05 - Tore Åga

08.05 - Gerd Puntervoll

09.06 - Inger Lillian Markhus

12.06 - Alf Sigve Barane

12.06 - Ole Mjelde Strand

19.06 - Karl Leon Tungesvik

25.06 - Kristine Stava

25.09 - Paul Birger Sævareid

Kyrkjесundag i tropesol



Eg hadde ein gong ein kollega som var son til ein høvding. Han skulle nok sjølv verta høvding ein gong, utan at eg veit kva ein høvding har å gjera i ein demokratisk republikk.

Men det løna seg å kjenne slike folk, og det gjorde det for meg. Adam, som han heiter, tilbød meg å låna sykkelen hans så lenge eg var i Ghana. Det kunne han forresten godt gjera, for sjølv disponerte (ramponerte) han ein bil som firmaet "vårt" eigde. Men som syklist fekk eg større aksjonsradius når eg skulle utforska den lokale geografien kring byen Tamale, landets tredje største by.

Ein sundag føremiddag svinga eg ut på den sterkt trafikkerte vegen som går nordover til nabolanda som ikkje har eiga kystlinje, som Burkina Faso, kanskje og Mali og Niger.

Dei tungt overlasta vogntoga spydde ut van-

Jakob Eskeland har vore i Ghana to ganger.

vittig med svart eksos, og vegskuldra var helst som pukk å rekna, så dette var ingen sundagstur å nytta.

Men så fekk eg sjå ein del folk som tok ein mindre veg innover i skogen. Ein god idé, tenkte eg, og la om kursen. Etter ein fredelig tur under høge tre med svalande skugge, kom eg opp i ei gate der husa var så merkeleg like. Eg fekk mistanke om at eg var komen inn i ein militærleir, som eg visst låg i området, og mistanken vart straks stadfesta. Det kom ein mann springande, veiftande og ropande, og ba meg snu og ha meg vekk derfrå. Eg gjorde som han sa, men hadde ikkje sykla langt før eg høyrde fin song og musikk ein stad.

Eg var framleis inne i leiren, men la om kur-

sen og sykla etter lyden, og kom fram til ei kyrkje med vidopne glas og dører. "Ghana 6. division Methodist Churcj" stod det. Eg var langt frå kyrkjekledd, eg var jo på sykkelstur, men eg stiltra meg inn og følte meg litt skjemd, kvinnene i fargerike side kjolar, og mennene i kvite skjorter og mørke bukser. Småungane, som det var mange av, var og i finstasen og sat så fint at det var ei lyst å sjå. Truleg var det ein god del militært personell med familiar mellom dei som fylde kyrkja.

Å stija som einaste kvite i ei slik forsamling gav meg ei spesiell kjensle som er vanskeleg å forklara, berre at det er ei fin oppleving.

Gudstenesta føregjekk delvis på engelsk og lokalt språk, og eg fekk nok ikkje så mykje med meg, men det var fint å sitja og høyra på songen og musikken, og sjå på folka rundt meg.

Det var og nattverd, men med den habitten eg gjekk i fekk eg meg ikkje til å delta i den. Eg veit heller ikkje om eg som tilfeldig og framand gjest kunne delta.

Då det var slutt, sykla eg ut gjennom hovudporten, og eg såg vaktposten gapte litt då eg suste forbi han.

Sundagen etter kledde eg meg i det beste eg hadde, og sette kursen mot hovudporten. Det gjekk ein straum av folk, med Bibel og salmebok i handa, men berre bleikansiktet vart stoppa i porten og eksaminert om kor han skulle. Eg sa eg skulle i kyrkja, men det var ikkje nok, for det var og ei katolsk kyrkje i leiren. Han fekk vita det han ville, og etter ein liten tenkepause fekk eg klarsignal.

Den gongen var det ikkje nattverd, men ein av leiarane kom ned og snakka med meg, og lurte sjølvsaft på kva kar eg var. Han spurte og om eg ville koma fram og sei noko, men med mine dårlege språkkunnskapar var ikkje det nokon god idé.

På heimvegen kom eg i snakk med to blide jenter som ville vita kor eg kom frå. Eg sa eg kom frå eit land med mykje snø, is og regn, men lite sol. Eg skrytte og over deira land, som hadde så mykje sol og varme. Dei såg



litt på meg då og spurde om eg likte sola? Eg vedgjekk at det kunne verta i meste laget med sol når eg var ute på arbeid, men for meg som ikkje skulle vera så lenge i landet var det ikkje noko problem. Sjølv kom dei frå hovudstaden, Accra, men gjekk på vida-regående skule i Tamale, fordi det var billigare.

Ein sundag seinare tok eg på kyrkjeveg, men med mindre vellukka resultat. Som venta vart eg stoppa i porten. Spørsmåla var dei same som sist, og eg svara like eins, men vaktposten var ikkje den same, og han nekta å sleppa meg inn. Eg prøvde å forklara han at eg hadde vore der før, så dette forstod eg ikkje.

Etter ei stund hadde vaktkommandøren, som sat inne i bua, fått med seg at det føregjekk ein diskusjon i porten, og no kom han ut, breibeint og med maskinpistolen på tvers over magen.

No auga eg eit håp, for det måtte vel gå an å snakka fornuftig med denne karen. Han stilte dei same spørsmåla og fekk dei same svara, men han rista på hovudet og sa "no".

Eg prøvde på min "pidginengelsk" å overtyda han om at dette var både inkonsekvent og meningslaust, sidan eg hadde vore her fleire gonger før. Eg hadde ikkje så lyst til å gje meg så lett, men etter kvart tok han til å fingra så merkeleg med maskinpistolen. Eg skal ikkje direkte påstå at han tok ladegrep, men det kan ha vore nummeret før, så eg fann det mest fornuftig å "turn", som han sa. Eg hadde sjølv sagt ikkje noko val. Leiren var jo ikkje inngjerda, så eg kunne gått inn same vegen som eg kom fyrste gongen, men eg var trass alt i eit framand land og burde oppføra meg med respekt.

Så det var den kyrkjegangen!

Jakob Eskeland

TV-aksjonen 2020



Det finst eit hav av moglegheiter for å bli med på årets TV-aksjon! På grunn av koronaviruspandemien skal bøsseberarane i år samle inn pengar digitalt. Det tyder at ein anten kan bli digital bøsseberar, eller finna ei digital bøsse å gje på.

Det er mange utfordringar når WWF og NRK saman skal ha innsamlingsaksjon, men ikkje kan gjere det ved å gå frå dør til dør og banke på. Då må ein løyse den nye utfordringa. Det har dei gjort ved å lage digitale bøsser.

Også i Etne og Skånevik vil nokon få i oppdrag å gå med digital bøsse—det vil seie å vende seg til naboar og kjende med ei utstrekt hand gjennom sosiale media, SMS og digitale kanalar. Tenk på det som eit pling på dørklokka når meldinga tikkar inn anten via SMS eller Facebook!

Kanskje er det lurt å bestemme seg for kor mykje ein vil gje allereie no? Med uprøvd digital løysing, kan ein møte mange bøsser, i det ein kan få utfordringa frå fleire kjente? Då er det greitt å kunne vite med seg sjølv: Eg har gitt det eg gjorde avtale om. Eg kan sei nei utan dårleg samvit. Eller vil eg gje ein gong til likevel? Kanskje var det det som hjelpte WWF sin aksjon mot plast i havet opp på eit resultat som er den viktige saken verdig?

Lilja frå Skånevik



For intervjuaren, som stort sett har sete rolig på eit nes det siste halve året, virkar hennar halvår innhaldsrikt og spennande.

Normalt skulle det ha vore tradisjonell russetid og eksamen, men 12. mars fekk elevane ved KVS Lyngdal melding om å pakka sekken og reisa heim. For 14 dagar tenkte dei då, men det blei 2 månader. Frå eit livleg miljø, der ho stortrivdest, blei det heller stille dagar heime i Skånevik, med nettundervisning og rusleturar i skog og mark. Eksamen frå vidaregåande gjekk i vasken.

Men snittkarakterane var greie nok. Ho kom inn der ho ville, på teologi i Stavanger. Lilja har eit engasjement for kyrkja og kan godt tenkja seg å jobba der. Ho ynskjer at kyrkja skal vera ein god plass for folk å koma og synest det vil vera meningsfullt å bidra til det. Ikkje slik å forstå at kyrkja ikkje har dette i dag, legg ho til. Men det er noko ein alltid må arbeida med og ta vare på.

Korleis ho vil arbeida innafor kyrkja, veit ho ikkje heilt enno, men ho let meg få lov til å vidarefortelja ei hending frå ho gjekk i 6. klasse. Det var Lys Vaken i Skånevik kyrkje. Mange ungar var der frå laurdag kveld til etter gudstenesta på søndag. Eg var prest her då, og Lilja fortel at ho sa til meg:

«Om nokre år er eg der oppe, og du sit her nede i benken.»

Kanskje får 6.klassingen rett. Men det vil no ta ei stund. For midt oppi dette seilte Sjøforsvaret inn og kolliderte kraftig med utdanningsplanane. Ho fekk innkalling til førstegongsteneste med start på rekruttskule i Madlaleiren frå april 2021. Utdanningsstart er utsett til 2022. Ei strek i rekninga på eit vis. Men no får ho tid til å modna tankane.

Eg spør korleis det gjekk med russetida.

«Mykje blei annleis, men eg kledde meg i raud dress og for rundt her i Skånevik, til og med til fjells. Men så fekk me koma ned att til skulen vel ein månads tid. «Då grein eg. Gledestårer. Før eg grein igjen, ein måned seinare, fordi me måtte skiljast i dette flotte miljøet eg fekk vera i gjennom 3 år.»

«Men i denne månaden var me russ, til og med utan fråversgrense og eksamenspress. Me hadde ein russevan og farta med den frå Grimstad til Stavanger.»

Dessutan fortel Lilja at dei hadde drive med russeaktivitet gjennom heile året. Ho var visepresident for kristenrussen i Vest-Agder og dei hadde to misjonsprosjekt: Biblar til Cuba og dessutan skulen sitt: Skulebygg i Zebay, Liberia, gjennom Misjonsalliansen.

Til slutt vil eg veta: Denne pandemien har jo vore årsak til så mykje problematisk og negativt for oss. Men har du opplevd at den og førde til noko godt?

Ho fortel at ho reiste heimanfrå 16 år gammal. Brørne hennar var då 11 og 7. Ho har fått mykje tid med dei no i vår. Det blei ei fin tid i familien.

Og så oppdagar me kor viktig fellesskapet er, lærer å setja meir pris på kvarandre - venner, lærarar og folka rundt oss.

Lukka til vidare, Lilja!

Harald Grønnevik

Gudstenestekalender



04. okt.	11.00	Frette	Høgmesse	Egil Larsen
	17.00	Skånevik	Høgmesse	Egil Larsen
11. okt.	11.00	Gjerde	Høgmesse	Egil Larsen
18. okt.	11.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	19.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
25. okt.	11.00	Etne	Bots- og bøneda	Svein Arne Theodorsen
01. nov.	11.00	Etne	Helgemesse	Per Hjemdal
	17.00	Skånevik	Helgemesse	Egil Larsen
08. nov.	11.00	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	17.00	Fjæra	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
15. nov.	11.00	Skånevik	Høgmesse	Egil Larsen
	19.00	Etne	Høgmesse	Egil Larsen
22. nov.	11.00	Stødle	Høgmesse	Per Hjemdal
29. nov.	11.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Egil Larsen
6. des.	11.00	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
13. des.	11.00	Ebne	Høgmesse	Per Hjemdal
20. des.		Grindheim	Høgmesse	Egil Larsen

I det vi reknar med at det framleis vil vere avgrensingar i talet på kor mange som kan samlast, blir det i år noko annleis gudstenesteoppsett i jula.

I Skånevik vil vi feire gudsteneste i Fjæra kl. 13 og i Skånevik kl. 1430 og 1600.

I Etne blir gudstenesta som vanlegvis er på Frette, flytta til Etne kyrkje. Der blir det julegudstenester kl. 1300, 1430 og 1600.



Opningstider

Onsdag 11-16, laurdag 11-15

Velkomen innom for ein god handel!

Takk til våre annonsører!



Ønsker din bedrift å teikna
annonseavtale i Kyrkjeposten?

Ta kontakt med kyrkjekontoret!

Ved døypefonten

Når eg ser tilbake, høyrer stundene ved døypefonten til festdelen av tenesta.

Gjennom 40 prestear døpte eg fleire tusen. Av rimelege grunnar kan eg ikkje alltid kjenna dei att når me møtest seinare i livet, men det kjennest godt når dei fortel meg om det. Som då eg blei stoppa av politi med blinkande lys, rulla ned glaset og høyrde ei ung politidame spørja om eg var gamlepresten. Då eg kunne stadfesta det, sa ho: ”Du døpte meg!” Det var berre det, pluss ein god prat. Eg fekk ikkje bot den dagen.

Ved døypefonten har dei møtt med heile spekteret av humør og stemningar, frå strålende smil til illsint gråt. Medan foreldre og fadrar er stabilt feststemde, spelar dei små ut det dei kjenner på nett no, utan filter.

Eg minnest han som var blitt såpass stor at han kunne seia nokre enkle ord. Då eg spurde, som eg skulle, om dei ville han skulle døypast til Faderens og Sonens og Den heilage andens namn, og oppsedast i den kristne forsakinga og trua, kvesste kandidaten i med eit sterkt og tydeleg NEI!

No driv me ikkje med tvangsdåp i Den norske kyrkja, og der breidde seg ei litt usikker stemning. Men foreldre og fadrar såg meir positivt innstilte ut, og hadde dessutan alt svara eit klårt ja, så eg tolka junior sitt utspel som ein meir generell protest mot livssituasjonen nett då, og døpte han.

Etterkvart har alle desse stundene ved døypefonten overtydd meg om at barnedåpen kanskje er det tydelegaste uttrykket for det kristne evangeliets ufatteleg rause nåde. I si hjelpeløyse har dei lite å bidra med. Illsinte, smilande eller sovande tek dei imot Guds velsigna gåver og blir tekne inn i hans mangfoldige barneflokk.

Og så er det lukkelegvis slik at dåpen er sterk nok til å vara livet ut. Ved å halda fast på det usynlege krossmerket som blei teikna på oss der, kan me gjennom alle omskiftelege dagar tru at me høyrer Jesus Kristus til. Og kvar dag seinare skal me få stiga ned i dette vatnet med all den gamle skiten, som me i kyrkja gjerne kallar våre synder, vaska oss reine og stiga opp frå det som nye menneske, ilag med han.

Harald Grønnevik

